


# SKRIV OG MELDINGAR

- Samhandlingsnytt, mars 2017
- Årsmelding for Kvalitetsutvalet i Helse Førde 2016
- Årsmelding for Pasienttryggingsutvalet 2016



## Samhandlingskonferansen i Sogn og Fjordane

**Torsdag 20. & fredag 21. april på Scandic Sunnfjord Hotel, Førde**

Samhandlingskonferansen er eit årleg fellesarrangement mellom fleire viktige samfunnsaktørar i fylket. Helse Førde HF, KS Sogn og Fjordane, Fylkesmannen, Sogn og Fjordane fylkeskommune, Det felles brukarutvalet i fylket og Høgskulen på Vestlandet er arrangørar. På Samhandlingskonferansen freistar ein på tvers av sektorar og forvaltningsnivå å løfte fram og synleggjere døme på innovative satsingar, formidle ny kunnskap og presentere teknologiske nyvinningar. Årets konferanse er bygd opp rundt følgande hovedtema:

- **Leiing**
- **Innovasjon og oppgåvedeling**
- **Praktisk bruk av velferdsteknologi i Sogn og Fjordane**

Samhandlingskonferansen er årets store møtepunkt ! Her møtast leirarar, brukarar, fagfolk og kollegaer på tvers av kommunegrenser og sektorar. **Bli med du og !** Sjå våre nettsider i høve [program og påmelding](#)

### Oksygen og kompetanse heim til brukarane

Helse Førde HF overtok distribusjonen av oksygen til brukarar i Sogn og Fjordane frå 1. februar 2017. Overtakinga er planlagt i nært samarbeid med lungelegane/lungesjukepleiarane i føretaket og dei tilsette ved Seksjon for Behandlingshjelpemiddel (BHM). I samband med overtakinga har helseføretaket skaffa eigen bil, og tilsett sjukepleiar Guro Grønvold som vil koordinere tilbodet. Guro vil «vere på hjul» med tanke på levering av oksygen og jevnleg oppfølging av behandlinga til oksygenpasientane i Sogn og Fjordane.



**For bestilling av oksygen kan ein ta kontakt på tlf. nr. 57 83 15 38.**

Guro har brei erfaring og allsidig kompetanse. I arbeidet har ho hatt god nytte av vidareutdanninga i geriatri. Ho har hatt sitt daglege virke både på sjukeheim og i open omsorg i kommunehelsetenesta. I spesialisthelsetenesta har ho mellom anna arbeidd sju år i institusjon med menneske med psykiske helseutfordringar, medan ho dei fem siste åra har vore tilsett i ei privat bedriftshelseteneste. Guro vil vere «bindeleddet» og skal vere med på å styrke samhandlinga mellom brukarane, pårørande, dei lokale oksygenkontaktane, lungelegane/lungesjukepleiararane i sjukehusa, og dei tilsette ved Seksjon for Behandlingshjelpemiddel (BHM).

Brukarar og pårørande vil gjennom det nye tilbodet få god rettleiing i bruk og vedlikehald av oksygenutstyret. Guro tek enkel måling av oksygenmetning, og ved behov for bytte av utstyr tek ho seg av levering og opplæring av dette, og innhenting av det gamle. Det er viktig å merke seg at oksygenutstyret heime hos pasientane og i kommunale institusjonar berre er på utlån frå helseføretaket, og skal leverast tilbake når pasientane ikkje lenger nyttar det.

**Ta kontakt med Seksjon for Behandlingshjelpemiddel (BHM) på tlf. nr. 57 83 15 40 om det skulle finnast oksygenutstyr som ikkje er i bruk i din kommune, for å avtale henting/tilbakelevering.**

## **Samhandling mellom kommunane i Sogn og Fjordane og Helse Førde**

### **Dagsamlingar med fokus på samhandlingsavvik**

Det er innført ei felles ordning for avvik og uønska hendingar som gjeld samhandling.

Koordineringsrådet har bestemt at det skal gjennomførast dagsamlingar i kvar region annakvart år som eit ledd i implementering og evaluering av denne ordninga. Det blir no invitert til samlingar:

Tysdag 14.03.17 Nordfjord – på Nordfjord psykiatrisenter, storstova

Tysdag 21.03.17 Sunnfjord og ytre Sogn – i Naustdal, kommunestyresalen

Tysdag 28.03.17 Indre Sogn – i Lærdal, kommunestyresalen

#### **Program:**

09.00 – 10.00 Gjennomgang av system for avvikshandtering innan samhandling.

10.00 – 10.30 Gruppearbeid om avvikssaker innan samhandling.

10.30 – 11.00 Pause / lunsj.

11.00 – 12.00 Gjennomgang av gruppearbeid. Erfaringsutveksling og innspel.

Målgruppa er leiarar innan helse- og omsorg i kommunane, einingsleiarar/seksjonsleiarar i Helse Førde HF, tilsette som er engasjerte i samhandlingssaker og kvalitetsutviklingsarbeid både i kommunane og i helseføretaket. Arrangørar er Helse Førde HF og KS Sogn og Fjordane

## **TikkTalk - Sikrare og tryggare helsetenester for minoritetsspråklige pasientar**

Helse Førde HF har inngått samarbeid med TikkTalk AS (tidlegare kalla Skiwo AS) gjennom eit Offentlig forsknings- og utviklingsprosjekt (OFU). Målet er å utvikle ei ny og meir innovativ tolkeløysing som dekkar behova til brukarane betre. Prosjektet er støtta av Innovasjon Norge.

Bakrunnen er at ein ser eit auka behov for tolk i pasientbehandlinga fordi stadig fleire innbyggjarar har minoritetsbakgrunn der norsk ikkje er morsmålet, samt auka turisme i regionen. Dagens tilbod om tolketenester blir delvis opplevd som ikkje-tilfredsstillande når det gjeld tilgang til kvalifiserte tolkar og organisering av tilboda.

NOU2014:8 peikar på at bruk av private tolkeformidlingsbyrå er utfordrande når det gjeld å dokumentere kvaliteten på tenestene. Auka bruk av fjerntolking kan vere eit godt virkemiddel for å sikre likeverdige tolketenester til alle pasientar med minoritetsbakgrunn i helse-Norge. Fjerntolking betyr i denne samanhengen telefon- og skjermtolking.

TikkTalk AS har på ein innovativ måte utvikla løysingar som tek tak i fleire av dei utfordringane som NOU2015:8 peikar på. Dei har laga ein profesjonell marknads plass, slik at tolkane og kundane kan finne kvarandre, utan kostbare mellomledd.

I Helse Førde HF er Nyonga Rugumayo Amundsen tilsett som prosjektleiar, der ho skal arbeide med å utvikle og implementere TikkTalk i verksemda. Nyonga har brei internasjonal erfaring gjennom eiga konsulentverksemder innan helse, miljø og teknologi. Ho har kvalifisert seg for Cand. scient. i bioteknologi frå Universitetet i Oslo, og Cand. Mag i realfag frå NTNU. Før studiane i Norge studerte Nyonga både i India og Afrika.



Nyonga har tverrfagleg arbeidserfaring, mellom anna frå jobb som dagleg leiar, avdelingsleiar, seniorrådgjevar og teamleiar for ulike grupper knytt til både offentleg og privat sektor. Ho har brei gründer- og styreerfaring. Vidare har ho laboratorieerfaring frå tre forskingssjukehus, pedagogisk kompetanse og har stor interesse for nye teknologiar.



## Årsmelding for Kvalitetsutvalet i Helse Førde 2016

### Innhold:

1. Samandrag
2. Om Kvalitetsutvalet
3. Arbeid og saksmengde
4. Særskild omtale av enkeltsaker
  - a. Kvalitet konferansen
  - b. Kvalitetsprisen
  - c. Lyttestasjonen
  - d. Pasienttryggleiksprogrammet
  - e. Internrevisjonar
5. Økonomi
6. Evaluering av 2016
7. Satsingsområde for 2017

### 1. Samandrag

Kvalitetsutvalet (KU) har som hovedoppgåve å vere pådrivar for kvalitetsforbetrande tiltak, måling av kvalitet, oppfølging og utvikling av kvalitet, samt medverke til å førebyggje kvalitetssvikt i tenesta. Denne årsmeldinga fortel om arbeidet som har vore gjort i utvalet i 2016, med informasjon om kva saker som har vore til behandling og kva tema det var vore sett særskilt fokus på dette året.

### 2. Om Kvalitetsutvalet

#### Medlemer:

Rolle	Namn	Tittel
Leiar	Jon Bolstad	Administrerande direktør
Medlem	Vidar Vie	Viseadministrerande direktør
Medlem	Hans Johan Breidablik	Fagdirektør
Medlem	Helge Robert Midtbø	Direktør kirurgisk klinikkk
Medlem	Olav Hesjedal	Direktør medisinsk klinikkk
Medlem	Svein Ove Alisøy	Konst.dir. psyk.helsevern t.o.m. okt.16
Medlem	Børge Tvedt	Direktør psykisk helsevern f.o.m. nov.16
Medlem	Arne Skjelten	Direktør HR- avdelinga
Medlem	Anne Kristin Kleiven	Direktør Fag- og utviklingsavdelinga
Medlem	Kjell Inge Solhaug	Direktør drifts- og eigedomsavdelinga
Medlem	Kari Holvik Furevik	Seksjonsleiar smittevern
Medlem	May Helen Vik	Avdelingssjef avdeling for internkontroll
Medlem	Wenche Kristin Røkenes	Føretakstillitsvald
Medlem	Berit Hornnes	Føretakshovudverneombod
Medlem	Oddveig Birkeland	Brukarsrepresentant
Medlem	Halfdan Brandtzæg	Økonomidirektør – møterett
Medlem	Terje Ulvedal	Kommunikasjonssjef – møterett
Varamedlem	Gerd Torkildson	Varamedlem for Birkeland

Avdeling for internkontroll stiller med sekretær i utvalet. I 2016 var dette Irene Barmen Hoel.

Etter Spesialisthelsetenestelova § 3-4, er kvalitetsutvalet eit organ som skal sørge for at verksemda arbeider systematisk for kvalitetsforbetring og pasienttryggleik. Lova seier og at verksemda har ein plikt til å planlegge, gjennomføre, evaluere og korrigere verksemda slik at tenestene er i samsvar med lov og forskrift. Utvalet skal sjå til at dette blir gjort. Mandatet for KU ligg som dokument i Kvalitetshandboka, og skildrar samansetjing, møtefrekvens og oppgåver. Brukarrepresentanten syter for at brukarperspektivet kjem fram i sakene som vert drøfta. Kvalitetsutvalet har fem møter i året, tre på våren og to på hausten. Kvart møte varer to timer. Saklista er delt opp slik: Dagens tema, saker til drøfting og vedtak, informasjonssaker og til sist rapportssaker. Dagens tema skal vere ein vesentleg del av møtet.

### 3. Arbeid og saksmengde

Kvalitetsutvalet har arbeidd med desse sakene i løpet av året:

- Utarbeidd årsplan for internrevisjon
- Dei ulike satsingsområda innan Pasienttryggleiksprogrammet
- Kvalitetskonferansen
- Kvalitetsprisen
- Fokusert på kvalitetsmål for Helse Førde, og status på desse
- Høyringsuttale til NOU 2015:11 «Med åpne kort»
- Kvalitet på informasjonsmateriell til pasientane
- Utarbeidd utkast til prosedyre for hendingsanalyse
- Initiert arbeid med endring av Pasienttryggingsutvalet
- Rapport frå Statens helsetilsyn etter stadleg tilsyn
- Hendingsanalyse etter sjølvmord i psykisk helsevern

Dagens tema i Kvalitetsutvalet har i 2016 vore desse:

- Januar: «I pasientens fotspor» og Pasienttryggleksvisitt. KU initierte eit ynskje om vidare arbeid med dette, å etablere eit system lokalt tilpassa Helse Førde. Det er ikkje utført tiltak i løpet av året.
- Mars: Dialog med pasient- og brukarombodet (POBO). Dei gav slike signal til leiinga i Helse Førde: POBO ønskjer å vere medverkande ved fagdagar og arrangement. Dei ønskjer signal om korleis ein kan få ein betre dialog kring klagesaker. Dei spurde om korleis pårørande kan kjenne seg betre høyrde i psykisk helsevern. Dei stilte også spørsmål kring byting av medikament til synonympreparat, samt om kritikk som Helse Førde har fått frå fylkesmannen kring sjølvmord.
- Mai: Førebygging av sjølvmord. Psykiatrisk klinikks fortalde om arbeidet dei har sett i verk ut frå Pasienttryggleksprogrammet sitt innsatsområde innan dette emnet.
- Oktober: Foreldrerettleiing i Psykisk helsevern for barn og unge. Ein overlege i avdelinga fortalte om eit såkornsprosjekt med mellom anna innføring av eit spørjeskjema for foreldre. Dette skjemaet viser til dømes refleksjonsnivået hos foreldra og korleis foreldra fungerer i rollen sin.
- Desember: NORSE og kvalitet. Forskarar i psykisk helsevern har utvikla bruk av nettbrett for at pasientar skal gje tilbakemelding om tilstanden sin før dei kjem til timen sin. Dette gjev nyttige signal til behandlarane om kva som er problemet og det viser over tid effekten av behandlinga.

Satsingsområde for Helse Førde i høve pasienttryggleik i 2016 var legemiddeltryggleik. Innan emnet legemiddeltryggleik har det i 2016 vore gjort følgjande tiltak: Innføring av Meona, fokus på legemiddelsamstemming, utarbeid ein førebels prosedyre for legemiddel-

samstemming i Meona med dei funksjonalitetane vi har i dag, og påvente av meir fullverdige løysingar under utvikling. Det har og vore fokus på eldre og medikament gjennom deltaking i nettverk for eldre og eldremedisin.

Kvalitetsutvalet har fått informasjon om desse sakene i løpet av året:

- Rapport frå avvikssystemet Synergi
- Statistikk frå Lyttestasjonen
- Rapport frå fagdag om blodsmitte/blodbårne virus
- Sluttrapport frå EK-prosjektet, om Kvalitetshandboka
- Prosedyre om bruk av arbeidsdrakt
- Tilsyn kring samhandling om utskriving av pasientar
- Tilbakemelding frå Klinisk etikk komité om offentleggjering av § 3-3 meldingar
- Planlegging av regional pasienttryggleiks- og kvalitetsregisterkonferanse 2017
- Rapport om arbeid med revidering av Kvalitetshandboka
- Rapport om saker frå Norsk Pasientskadeerstatning, NPE
- Rapport frå Kvalitetskonferansen 2016
- Rapport frå tilsyn med sepsisbehandling i akuttmottak
- Årsmelding frå Pasienttryggingsutvalet
- Årsmelding frå Klinisk etikk komité
- Informasjon om arbeidet i fagprosedyreutvalet
- Informasjon om stadleg tilsyn frå Helsetilsynet
- Data frå Nasjonal PassOPP

Kvalitetsutvalet har fått slike rapportar og referat til informasjon i løpet av året:

- Rapport frå internrevisjonar
- Referat frå møter i Pasienttryggingsutvalet
- Referat frå møter i Brukarutvalet
- Referat frå Legemiddelkomiteen
- Referat frå Utval for koordinering av kliniske fagprosedyrar
- Referat frå Kontaktmøte med fylkesmannen
- Referat frå Smitteverngruppa
- Data frå brukarundersøkingar

#### 4. Særskild omtale av enkeltsaker

a. Kvalitetskonferansen vart arrangert 20. oktober i Førdehuset. Om lag 430 tilsette møtte fram. Eksterne føredragshaldarar var helseminister Bent Høie, direktør Per Skaugen Bleikelia, pedagog Karin Hjertaker og brukar Eilert Jan Lohne. Fagdirektør Hans Johan Breidablik hadde også føredrag. Temaet var «Dersom pasientane fekk bestemme, utvikling av pasienten si helseteneste. Nasjonal helse- og sjukehusplan, gjeld dette meg?»

b. Kvalitetsprisen vart delt ut på Kvalitetskonferansen. Juryen var samansett av brukarar, tilsette i Helse Førde, og ein kommunerepresentant. Vinnarar av kvalitetsprisen i 2016 var Barneavdelinga for arbeidet med innføring av skåringssystemet PEVS og kompetanse-forbettingsprogrammet PedSAFE, samt Matforsyning for arbeidet med rettleiande matvert og prosjekt mat og menyutvikling. Prisen var eit maleri og kr. 30.000 til kvar avdeling.

c. Lyttestasjonen vart starta opp i 2014. I 2014 fekk Lyttestasjonen inn 53 saker, i 2015 vart det 61 saker og i 2016 kom det inn 57 saker. Siste året var det 28 negative tilbakemeldingar og 18 var positive. Flest positive tilbakemeldingar fekk ortopedisk avdeling ved Lærdal sjukehus.

#### d. Pasienttryggleiksprogrammet

Kvalitetsutvalet har følgd program for pasienttryggleik tett gjennom jamleg statusrapporteringar på framdrift og resultat i implementeringa av dei ulike tiltaka. I tillegg har GTT (Global Trigger Tool) resultata for 2015 vore presentert og diskutert. Programmet har hatt særleg fokus på framhald av arbeidet med implementering av alle tiltaka, både regionale og nasjonale. Samstemming av legemiddel har vore særleg arbeidd med, her i nært samarbeid med innføringsprosjektet Meona. Reduksjon av helsetenesteassosierete infeksjonar har det og vore arbeidd med, både i høve handhygiene og tiltak knytt til kirurgi.

Eit viktig forbettingsverktøy er tavle og tavlemøter. I løpet av 2016 har eit par avdelingar teke i bruk risikotavler og tavlemøter som del av drifta si. Andre avdelingar har teke i bruk resultattavler for visning av målingar og resultat. Dette arbeidet vert vidareført i 2017. Mange sengepostar har arbeidd godt med trygg pleie screening, og mange har forbetra seg jamt i løpet av året. Der har vore gjennomført undervisning og fokus på tiltak når ein risikopasient er identifisert.

Vidare har programmet også arbeidd med risikoførebyggande tenking og kultur, og hatt stort fokus på dette i undervisningar både til tilsette, studentar og elevar i organisasjonen. Utvikling av elektroniske kvalitetsindikatorar har og stått sentralt i arbeidet, og no er regionale indikatorar på Trygg kirurgi, Trygg pleie, hjerneslag, vurdering av sjølvmordsrisiko og bruk av kriseplan, samt legemiddelsamstemming tilgjengeleg i styringsportalen.

#### e. Internrevisjonar

Kvalitetsutvalet vedtek kvart år ein plan for kva internrevisjonar som skal utførast. Ut frå vedteken plan i KU for Internrevisjon i 2016, vart det gjennomført følgjande interne revisjonar:

- Miljøstyringssystemet / «Grønt sjukehus» (3 interne + 1 ekstern revisjon)
- HMS / Miljøstyringssystemet (3 revisjonar)
- Bruk av tvang i somatikken (3 revisjonar)
- Transfusjon av blod og blodkomponentar, og identifisering av pasient (3 revisjonar)
- Smittevern (4 revisjonar)
- Kateterassosiert urinvegsinfeksjon (Mini-audit 3 sett)
- Mikrobiologisk avd.: krav til kvalitet og kompetanse (2 revisjonar)
- Blodbanken: internrevisjon på kvalitet

#### 5. Økonomi

Kvalitetsutvalet har ikkje eit eige budsjett. Utgifter til Kvalitetskonferansen blei delt mellom klinikkkane ut frå tal tilsette i den enkelte klinikk. Utgifter til Kvalitetsprisen blei dekka frå administrasjonen sin konto.

#### 6. Evaluering av året som har gått

Helse Førde har hatt eit spennande år bak seg med mange prosjekt på gang som har som mål å betre kvaliteten på tenestene og utvikle framtida si helseteneste. Fleire av desse prosjekta har blitt presentert i KU. KU opplever å ha oversikt over mykje av det som skjer av kvalitetsarbeid, og ser at veldig mange tilsette er proaktive for å heve kvaliteten på tenestene for kvart år. Helse Førde ligg på topp på mange kvalitetsmålingar.

#### 7. Tilråding/satsingsområde

Kvalitetsutvalet tilrår at satsingsområde for pasienttryggleik i 2017 blir legemiddeltryggleik med vekt på samstemming av legemiddel og antibiotikabruk.



## Årsmelding for Pasienttryggingsutvalet 2016

Innhold:

1. Samandrag
2. Om Pasienttryggingsutvalet
3. Arbeid og saksmengde
4. Særskild omtale av enkeltsaker
5. Økonomi
6. Evaluering av 2016
7. Satsingsområde for 2017

### 1. Samandrag

Pasienttryggingsutvalet (PTU) er eit utval under Kvalitetsutvalet og har som hovudoppgåve å ivareta oppgåvene som Helse Førde er pålagt etter § 3-3 i Spesialisthelsetenestelova; om meldeplikt til Helsedirektoratet om pasientskade.

Denne årsmeldinga fortel om arbeidet som har vore gjort i utvalet i 2016, kva saker som har vore behandla, statistikk og om aktuelle tema i høve arbeidet med pasienttryggleiken i føretaket.

### 2. Om Pasienttryggingsutvalet

Medlemer i 2016:

Rolle	Namn	Tittel/avd.	Merknad
Leiar	Hans Johan Breidablik	Fagdirektør	Til og med november
Medlem	Reidun Bergheim	Seksjonleiar/spl. Operasjon FSS	
Medlem	Lasse Lesto	Avdelingssjef/spl. Ortopedisk avd.	
Medlem	Hildur Thingnes	Seniorrådgjevar/spl. Medisinsk avd.	
Medlem	Anja Myhre Hjelle	Reumatolog, Reumatologisk avd.	Medlem t.o.m. februar, vara for Thingnes frå mars
Medlem	Andras Vikar	Barne/ungdomspsykiater, UPH	
Medlem	Geir Andvik	Avdelingssjef kreftavd./sjukepleiar	Vara for Thingnes t.o.m. februar, medlem frå mars
Medlem	Liv Stokkenes Jacobsen	Seniorrådgjevar/sjukepleiar NPS	
Medlem	Robert Brennersted	Avd.sjef akuttmed. AAM/overlege	
Medlem	Susanne Wilhelm	Farmasøyt, Legemiddelkomiteen	
Varamedlem	Mari Veien Teige	Ass.avd.leiar AAM / sjukepleiar	Vara for Brennersted
Varamedlem	Helga Brenne	Seksjonsleiar ort.avd. FSS/sjukepl.	Vara for Bergheim
Varamedlem	Pamela Thune	Fagutviklingspl. Psyk.klin., Tronvik	Vara for Jacobsen
Varamedlem	Marit Slettevold	Avd.sjef. Psykiatrisk klin./sjukepl.	Vara for Vikar
Varamedlem	Margun Thue	Seksjonsleiar LSH, Ortopedisk avd.	Vara for Lesto frå februar
Varamedlem	Thor Christopher Fink	Psykiater, Psykiatrisk klinikkk	Vara for Breidablik
Varamedlem	Geir Andvik	Avdelingssjef kreftavd./sjukepleiar	Vara for Thingnes
Varamedlem	Laila Haugland	Seksjonsleiar med.seksj. NSH/spl.	Vara for Hjelle
Varamedlem	Åse Katrine W. Johnsen	Overlege medisinsk avd. FSS	Vara for Wilhelm, LMK

Avdeling for internkontroll stiller med sekretær i PTU. I 2016 var dette Irene Barmen Hoel.

Mandatet for PTU ligg som dokument i Kvalitetshandboka, og skildrar samansetjing, møtefrekvens og oppgåver.

PTU har 11 møter i året, kvar månad utanom juli. Møtet vert vanlegvis halde den siste torsdagen i kvar månad, frå kl. 12.00 – 15.30. Fagdirektør Breidablik har vore leiar for PTU frå utvalet starta opp hausten 2009, til han slutta som fagdirektør i november 2016.


Saklista er sett opp slik:

- utsette saker frå førre møte
- pasientsaker frå førre månad
- samhandlingssaker
- val av saker til offentleggjering og godkjenning av tekst på desse
- læringsmoment som er vurdert i møtet
- informasjonssaker og læringsmeldingar
- andre saker som varierer frå møte til møte

### 3. Arbeid og saksmengde

Diagrammet under viser kor mange pasientsaker som har vore melde i avvikssystemet i dei siste åra.

- Det var i 2016 meldt 85 saker til Helsedirektoratet etter § 3-3 i Spesialisthelset.lova
- Det var meldt 161 pasientrelaterte saker med konsekvens
- Det var meldt 502 pasientrelaterte saker utan konsekvens




Diagrammet viser at tal pasientsaker med og utan konsekvens har vore stabilt, medan tal saker melde til Helsedirektoratet, er meir enn halvert på to år. Saker som skal meldast til Helsedirektoratet, er saker der det er skjedd skade på pasient, eller fare for skade på pasient.

Diagrammet under viser kor mange pasientsaker frå avvikssystemet Synergi i 2016 som stod på saklista til PTU til kvart møte i løpet av året.


- Samhandlingssaker gjeld saker som omhandlar svikt i samhandlinga mellom helseføretaket og kommunane.
- Pasientsaker er saker som er meldte etter § 3-3, samt saker som er alvorlege, men som ikkje er meldte til Helsedirektoratet.

- Utsette saker er saker som ikkje er nok utgreia, og må sakshandsamast betre frå avdelinga si side før avgjerd i utvalet.

Diagrammet viser at utvalet hadde i snitt ca 36 saker til behandling i kvart møte.



Diagrammet under viser kor mange informasjonssaker som blei behandla i PTU i 2016. Dette gjeld saker som er komne inn til Lytteposten, saker frå Pasient- og brukarombodet, klagesaker frå pasientar eller pårørande, tilsynssaker frå fylkesmannen og vedtak om erstatning frå Norsk pasientskadeerstatning (NPE). Vedtak om avslag på søknad til NPE, går ikkje til utvalet.



Spesialisthelsetenestelova § 3-3a gjev føretaka pålegg om å melde dei alvorlegaste hendingane i høve pasientar, til Statens helsetilsyn. Desse blir kalla varselsaker. I 2016 melde Helse Førde sju varselsaker til Statens helsetilsyn. Dette var fem sjølvmord og to uventa dødsfall.

Når varselsaker blir melde, har Statens helsetilsyn tre reaksjonsmåtar:

- dei kan avslutte saka utan vidare behandling
- dei kan be fylkeslegen opprette tilsynssak
- Statens helsetilsyn kan komme til føretaket på stadleg tilsyn.

I 2016 vart det av dei sju varselsakene oppretta tre tilsynssaker. I to av desse sakene vart føretaket bedne om å sende eigen rapport om tiltak til Helsenettet utanom ordinært svar i tilsynssakene. Det blei i alle sakene vist til internkontrollplikta til å granske hendingane sjølve. Det var ingen stadlege tilsyn. Varselsakene vert også melde som § 3-3 saker.

Dersom det er saker som utvalet treng ekstra informasjon om, vert aktuelle leiarar invitert til møtet i PTU. I 2016 var det 12 ulike leiarar invitert.

Helsedirektoratet tek mot § 3-3 meldingar frå heile landet. Frå 01.01.16 tok Helsedirektoratet over denne oppgåva frå Kunnskapssenteret. Ut frå desse meldingane utarbeider dei læringsmeldingar til føretaka, slik at føretaka kan lære av alle saker som er melde. I 2016 sende Helsedirektoratet ut åtte slike læringsmeldingar. Desse blir formidla til aktuelle avdelingar. Helse Vest sender også ut rapportar frå tilsyn for læring i føretaka. Dette året sende dei ut ei slik melding.

Offentleggjering av 3-3 saker: PTU har i 2016 offentleggjort 17 saker på internett. Desse har tema som t.d. antibiotikaresistente bakteriar, feil identitet på pasient, lang faste før operasjon, telemedisinsk utstyr, legemiddelfeil og fall.

#### **4. Særskild omtale av enkeltsaker**

I samband med eit sjølvord blei det vedteke at føretaket skulle utarbeide ei hendingsanalyse. Denne analysen blei drøfta i PTU, samt at det var drøfta kva prosedyre ein skal ha for slike analyser av hendingar.

Det har også vore drøfta om PTU arbeider med pasienttryggleik på den beste måten. Kvalitetsutvalet har vedteke at både kven som er medlemer i PTU og kva saker som vert handsama i møta, skal vurderast på nytt våren 2017.

#### **5. Økonomi**

PTU har ikkje eige budsjett. Utgifter til møta blir dekka av kvalitetsutvalet.

#### **6. Evaluering av 2016**

PTU hadde i 2015 fokus på å identifisere kva situasjonar som er potensielt alvorlege, om dette kan skje andre stadar i organisasjonen, og initiere tiltak for læring i heile organisasjonen. Det var då planer om å få presentert dette på intranett. I 2016 er det sett av eit område under Les og Lær der læringspunkt frå kvart møte blir presentert. Her er også læringspunkt frå møta i 2015 lagt ut. PTU har i 2016, som tidlegare, hatt fokus på hendingar der årsaka er dårleg kommunikasjon mellom avdelingar, og har ved fleire høve invitert leiarane samla for å finne gode løysingar. Mange viktige saker har vore drøfta, og nye tiltak er blitt sett i verk for å auke kvaliteten på tenestene.

#### **7. Satsingsområde for 2017**

PTU vil i 2017 ha fokus på å utarbeide nye rutinar for arbeidet i utvalet. Målet er at utvalet kan medverke til at heile organisasjonen kan lære endå meir av hendingar som blir melde.